



VINJE

SELJORD KOMMUNE
Brøløsvegen 13A
3840 SELJORD

Dato: 25.03.2025
Vår referanse: 2025/930-2
Sakshandsamar: Tone Nervold Midtbø

Refusjonskrav for vedlikehald av veg - Gjevarvatn

Me viser til dykkar brev datert 21. mars 2025. Me viser og til møte 19. mars 2025 om vegen til Gjevarvatn.

De ber om å få etterfakturere kostnader for sommar- og vintervedlikehald av vegen til Gjevarvatn for tre år tilbake (2022-2024). Totalt utgjer dette kr. 106278,9 eks. mva. Det er ikkje sendt fakturaer til Vinje kommune, slik det er beskrive i avtala, sidan 2018. De ber og om at me vurderer om de kan etterfakturere lenger tilbake i tid enn tre år.

Vinje kommune har avslutta rekneskapsåret 2024 og tidlegare år. Me må difor handsame dette som ei budsjettjusteringssak. Det vil bli gjort på kommunestyrets møte i juni. De vil få svar etter dette. Det er ikkje aktuelt for Vinje kommune å tilbakebetale fakturaer lenger tilbake i tid enn tre år.

Opprusting av vegen

Me er som kjent bede om å gå i dialog med Seljord kommune for å lage ei sak på ei større oppgradering av vegen til Gjevarvatn. Generelt arbeider Vinje kommune for 10 tonns akseltrykk på heilårsvegar slik at nedsetjing av akseltrykk under teleløysinga ikkje er naudsynt.

Det ligg eit massetak i Hyttedalsvegen (i Vinje kommune) som blir hindra i å køyre ut masser kvar vår i telerestriksjonsperioden. Me ber om at de vurderer og gjev tilbakemelding på korleis de stiller dykk til ei større oppgradering av vegen. Det er ynskjeleg med ei attendemelding innan 01.06.2025.

Med helsing

Tone Nervold Midtbø

Åge Verpe

avd. ingeniør Veg, vatn og avløp

kommunalsjef

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
SELJORD KOMMUNE